

# – Eit skiendorado med plass for alle

Me har naturens mangfald også om vinteren. Her er plass og mulegheiter for alle, i alle årsklassar. Og me har roen, roen som gjer at du slappar av i naturen, får opplevingar og samlar krefter til kvardagens jag og mas. Opplev glede og harmoni saman med familie og gode vener eller åleine om du føretrekk det. Trivsel og ekte fjellglede er målet me set for deg som gjest i vår natur.

Hardangervidda med sine store vidder gir unike skimulegheiter store delar av året. Langs riksveg 7 kan du parkere og som oftast ta deg ein skitur eller berre glede deg i snøen til langt ut i mai måned. Den Norske Turistforening har eit omfattande rutenett med kvista løyper over Hardangervidda og mange av dei er innom Eidfjord. Kiting og hundekjøring er svært populært på Hardangervidda. Frå Krossdalen til Fagerheim er mulegheitene mange, med vidder og vind som får fart på skia.

I Sysendalen er det eit godt løypenett med preparerte løyper av ulik lengd og vanskegrad. Her finn du også lysløype om du vil ta deg ein tur på kveldstid. Det fins ei rekke gode overnattings- og serveringstader i Sysendalen, på Hardangervidda og elles i Eidfjord som inviterer til gode opplevingar enten du er tilreisande gjest eller bur i eiga hytte.

Vêret kan me ikkje gjere noko med, men me skal gjere vårt beste for at du skal trivast i Eidfjord. Her er naturen lett tilgjengeleg og romsleg. Opplev din og naturens styrke i samspel med ekte element og gode vener. Bruk og nyt naturen som vår og naturens gjest.

*Ve me!*

DESTINASJON EIDFJORD AS  
HARDANGERVIDDA SKI OG FJELLSPORT AS  
SYSENDALEN LØPELAG  
SYSENDALEN SKISENTER  
SYSENDALEN HYTTEVELFORBUND  
GRUNNEIGARANE I SYSENDALEN

Foto: Christian Pondella

## Her vert du teken godt hand om i Sysendalen og på Hardangervidda

### OVERNATTING OG SERVERING

**Garen Gaard og Hyttesenter**, Tlf. 53 66 57 21 ..... <http://home.c2i.net/garengaard/>  
**Sandhaug Turisthytte**, Tlf. 91 76 62 25 ..... [www.turistforeningen.no/sandhaug](http://www.turistforeningen.no/sandhaug)  
**Liseth Pensjonat & Hyttetun**, Tlf. 53 66 57 14 ..... [www.liseth.no](http://www.liseth.no)  
**Dyranut Fjellstova**, Tlf. 53 66 57 16 ..... [www.dyranut.com](http://www.dyranut.com)  
**Dyranut Turisthytta**, Tlf. 53 66 57 15 ..... [www.dyranut.no](http://www.dyranut.no)  
**Stigstuv Turisthytta**, Tlf. 90 51 02 92 ..... [www.hardangerviddanett.no/stigstuv/](http://www.hardangerviddanett.no/stigstuv/)  
**Rauhelleren Turisthytte**, Tlf. 41 55 04 04 ..... [www.rauhelleren.no](http://www.rauhelleren.no)  
**Fagerheim Fjellstugu**, Tlf. 32 08 75 56 ..... [www.fagerheimfjellstugu.no](http://www.fagerheimfjellstugu.no)

### HYTTETENESTER

**Høel Gard**, Tlf. 91 72 02 60 ..... [www.hoel-gard.no](http://www.hoel-gard.no)  
**TKGaren Hytteservice**, Tlf. 97 53 10 88 ..... [www.tomkarstengaren.no](http://www.tomkarstengaren.no)  
**Maurseth Hytteservice/skuter transport**,  
Tlf. 45 46 95 17 ..... [maursethytteservice@hotmail.no](mailto:maursethytteservice@hotmail.no)

### SAL AV HYTTETOMTER/FRITIDSEIGENDOMAR

**Maurseth Utvikling AS**, Tlf. 90 14 02 34 ..... [maur-tu@online.no](mailto:maur-tu@online.no)

### BUTIKKAR

**Eidfjord byggevarer Byggeriet**, Tlf. 53 66 58 00 ..... [www.byggeriet.no/eidfjord](http://www.byggeriet.no/eidfjord)  
**Coop Marked**, Tlf. 53 66 51 86 ..... [eidfjord@marked.coop.no](mailto:eidfjord@marked.coop.no)

### AKTIVITETS TILBYDARAR

**FlatEarth Adventures**, Tlf. 47 60 68 47 ..... [www.flatearth.no](http://www.flatearth.no)  
**Eidfjord Aktiv**, Tlf. 90 27 63 95 ..... [eidfjordaktiv@gmail.com](mailto:eidfjordaktiv@gmail.com)  
**Hardangervidda Villmarksaktiviteter**, Tlf. 92 25 84 98 ..... [www.villmarksaktiviteter.no](http://www.villmarksaktiviteter.no)

For nærare informasjon om serveringstader og overnatting på fjellet, Øvre Eidfjord og Eidfjord, sjå [www.visiteidfjord.no](http://www.visiteidfjord.no) eller kontakt turistkontoret.



DESTINASJON EIDFJORD/  
EIDFJORD TURISTKONTOR

Ostangvegen 1,  
5783 Eidfjord  
[turistinfo@visiteidfjord.no](mailto:turistinfo@visiteidfjord.no)

### OPNINGSTIDER:

**2.1.-30.4. og 1.09.-31.12:**  
Kvardager: 09-16

**1.5.-31.5.:**  
Kvardager: 10-18

**1.6.-14.6. og 16.8.-31.8:**  
Kvardager: 09-18 / Laurdag: 10-18  
Søndag: Stengt

**15.6.-15.8.:**  
Kvardager: 10-19 / Laurdag: 10-18  
Søndag 11.00 – 19.00

# Skiglede med plass for alle...

*Ve me!*



Destinasjon Eidfjord  
året rundt

SYSENDALEN / HARDANGERVIDDA

Tlf. 53 67 34 00 / faks: 53 67 34 01

[www.visiteidfjord.no](http://www.visiteidfjord.no)



## SYSENDALEN SKISENTER:

# Nye drivarar gir betre service og høgare kvalitet på tenestene

### Hardangervidda Ski og Fjellsport AS står for drifta av Sysendalen Skisenter AS og preparering av langrennsløypene rundt om i Sysendalen.

Bak Hardangervidda Ski og Fjellsport AS står fire entusiastiske eidfjordingar som saman med Sysendalen Løypelag vil gjere sitt beste for at alpinanlegget og løypene er godt preparerte i sesongen. Servicen på skisenteret er ytterlegare forbetra med oppgradert varmestove og betre servering.

Med god parkeringsplass vil Sysendalen Skisenter vere det naturlege utgangspunkt for gode skiopplevingar, enten ein vil tilbringe dagen i bakken eller ta seg ein tur i langrennsløypene. Nokre timar i bakken for så å avslutte med ein tur på "bortoverski" har vorte populært for mange. Born og ungdom vil her vere engasjert mens mor og far kan ta seg ein tur i langrennsløypene.

Tek ein utgangspunkt frå eiga hytte ligg mange av dei preparerte løypene i nærleiken av der det er flest hytter. Skiløypene er i eit nettverk som gjev deg mulegheit til å legge turen innom skisenteret for noko varmt å styrkje deg på og for sosiale opplevingar.

## Ein alpinbakke for store og små

### Alpinanlegget i Sysendalen Skisenter er ikkje av dei største, men stort nok til å gi utfordringar for store og små.

Fallhøgda er 210 meter og bakken har tre nedfartar. Trekket er 760 meter langt med T-krok og har ein kapasitet på 1200 passasjerar i timen. Eige, nytt barnetrekk kjem i tillegg. Med 18 snøkanoner og ny tråkkemaskin vert alt gjort for at me skal kunne tilby velpreparerte løyper i sesongen. Skitrekket opnar 2. juledag og vil halde ope til over påske om snøforholda tillet det. Trivsel for store og små alpinistar er vårt motto for bakken.

Det er kveldskøyring kvar fredag når det er langrennsskarusell.

# Mulegheitene er mange om vinteren

### Sysendalen og Hardangervidda er eit eldorado for skientusiastar og alle som er glade i fjellet.

Skulle ikkje alpinanlegget og tilrettelagte, velpreparerte løyper vere nok, er det berre å ta naturen i bruk, men pass på dyrelivet og båndtvangstida\*. Viddene ligg der med sine store flatar for kiting eller turar på ski. Kvista løyper er det mange av, men mulegheitene for å gå i uberørt terreng er også mange. Ver obs på snøskredfare og meld i frå kvar du går. Ved påsketider er dei fleste hyttene inne på fjellet åpne for servering og overnatting. Fjellsider er det mange av som er godt eigna for laussnøkyring. Her treng ein ikkje å gå langt frå riksvegen for å lage seg ei snøhole, soleplass eller kaffibål med villmarka som næraste nabo. Akebakkar for borna er det nær sagt over alt. Hundekøyring på eiga hand eller som passasjer på tilrettelagte turar er det mange mulegheiter for. Isfiske på ulike vatn er det stadig fleire som prøver seg på og mulegheitene er gode for eit napp. Iskatring i fossane er for dei tøffe og tiltrekk seg stadig fleire besøkande i Eidfjord. Hugs skikkeleg utstyr og sikring.

## Tilrettelagte mulegheiter:

### Det fins ei rekkje kurs og opplevingar vinterstid i Eidfjord:

- **FlatEarth Adventures tilbyr ei rekke aktivitetar ute i naturen**  
Ein- og todagars kurs i kiting, trugeturar, snøholeopplevingar, utleige av pulk, topputstyr m.m. Sjå nettsida [www.flatearth.no](http://www.flatearth.no) eller ring 476 068 47 for nærare informasjon.
- **Eidfjord Aktiv tilbyr matopplevingar i lavo og akebakke**  
Sjå nettsida [www.eidfjordaktiv.com](http://www.eidfjordaktiv.com) eller ring 90276395 for nærare informasjon.
- **Hardangervidda Villmarksaktiviteter** tilbyr sterke naturopplevingar. Ta med deg dine venner eller kolleger på ein skikkeleg hundesledetur på Hardangervidda! Sjå nettsida [www.villmarksaktiviteter.no](http://www.villmarksaktiviteter.no) eller ring 922 58 498 for nærare informasjon.
- **Pulkløp** "I Amundsens skispor over Hardangervidda" vert arrangert i vinterferien, med målgang i Sysendalen. Sjå nettsida [www.xtremeidfjord.no](http://www.xtremeidfjord.no) for nærare informasjon.
- **Vøtrafestival i Sysendalen** - i Amundsens ånd vert arrangert i vinterferien i forbindelse med pulkløpet, med stortelt, aktivitetar, marknad, føredrag og vøtradans. Sjå nettsida [www.votrafestival.no](http://www.votrafestival.no) for nærare informasjon.

Sjå [www.visiteidfjord.no](http://www.visiteidfjord.no) eller ta kontakt med Destinasjon Eidfjord / Turistkontoret tel. 53673400 for andre mulegheiter, ynskjer eller behov.

\*Båndtvangstida i Eidfjord er f.o.m. 1. april t.o.m. 1. desember i område der bufe går på utmarksbeite.



Foto: Sondre Myrvang

Følg med på kva som skjer i Sysendalen Skisenter på Facebook eller [www.sysendalen.no](http://www.sysendalen.no)



For prisar og opningstider i vinterferieveke og påsken sjå [www.sysendalen.no](http://www.sysendalen.no) eller Sysendalen Skisenter på facebook



Foto: Sondre Myrvang

# SYSENDALEN SKIELDORADO

## – skiglede med plass for alle



Hardanger Energi AS

[www.hardangerenergi.no](http://www.hardangerenergi.no)



SparebankenVest

[www.spv.no](http://www.spv.no)



FLATEARTH

[www.flatearth.no](http://www.flatearth.no)



BYGGERIET

[www.byggeriet.no](http://www.byggeriet.no)



Hardangervidda  
Ski og Fjellsport AS

[www.sysendalen.no](http://www.sysendalen.no)



Statkraft

[www.statkraft.no](http://www.statkraft.no)

# PREPARERTE TURLØYPER







SOM VIST PÅ KARTET

	Alpinløype	
	Jøkulen:	25 km
	Bjørkhaugen:	10 km
	Åstestølen:	2,5km
	Storlia:	10 km
	Liseth:	15 km
	Høl:	07 km
	Horgaløypo:	05 km
	Garen:	06 km
	Skitrekk	

Sjå prepareringstatus på [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no)

Du kan sjekke prepareringsstatus for dei enkelte løypene på [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no).

Tråkkemaskina vår er utstyrt med GPS sendar og på eit eige interaktivt kart for Sysendalen vil du kunne sjå kvar maskina befinn seg til kvar tid og kor lenge det er sidan dei ulike løypene vart preparerte. På ein fargeskala kan du sjå kor lenge det er sidan løypa vart preparert.

	0 - 3 timar		6 - 12 timar		2 - 30 dagar
	3 - 6 timar		12 - 48 timar		30+ dagar


Har du iPhone kan du også sjå status på den.

På [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no) finn du også time-for-time vêrvarsel for løypene.

## EIDFJORD RØDE KORS HJELPEKORPS:

Hjelpekorpsa har vakt i påskefjellet med base på Maurseth. Treng du hjelp på skituren kan du ringe 113 eller 53 66 57 86.

# VINTERMERKING FRÅ MEDIO MARS TIL MEDIO APRIL



På [www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no) finn du ei komplett oversikt over rutenettet og mykje anna nyttig informasjon dersom du planlegg skitur på vidda. Sjå også [www.ut.no](http://www.ut.no) der du finn turbeskrivelsar.

## KLE DEG GODT NÅR DU SKAL PÅ FJELLET

Sjå DNT si pakkeliste for skiturar i fjellet vinterstid på [www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no)

## SYMBOLFORKLARING
















-  Løyper som er kvista/merka av DNT eller andre (ca. lengde i km)
-  Veg
-  Jernbane
-  Større stad, mindre stad
-  Betjent turistforeningshytte (kan vere sjølvbetjent, ubetjent eller stengt utanom påsken)
-  Sjølvbetjent turistforeningshytte
-  Ubetjent turistforeningshytte
-  DNT-hytte, plass må bestillast
-  Betjent privat turisthytte/hotell (kan vere stengt utanom påsken)
-  Privat sjølvbetjent turisthytte
-  Privat ubetjent turisthytte
-  Privat hytte, plass må bestillast
-  Raude hytter gir rabatt til medlemar
-  Rastehytte (nødbu)
-  Vinterstengt eller nedlagt overnattingsstad



Foto: Fagerheim Fjellstugu

## Fjellvettreglane

Vêrforholda i fjellet endrar seg ofte svært raskt og det er viktig å vere førebudd på uvêr. Uansett om du har lite erfaring med friluftsliv eller er ein dreven fjellvandrar, er det lurt å ha fjellvettreglane i bakhovudet undervegs.

1. Legg ikkje ut på langtur utan trening.
2. Meld i frå kvar du går.
3. Vis respekt for vêret og vêrmeldinga.
4. Ver rusta mot uvêr og kulde sjølv på korte turar.
5. Ta alltid med ryggsekk og det utstyret som fjellet krev.
6. Lytt til erfarne fjellfolk.
7. Bruk kart og kompass.
8. Gå ikkje åleine.
9. Vend i tide. Det er ingen skam å snu.
10. Spar på kreftene og grav deg inn i snøen om naudsam.